

---

**Fra:** sigfred <sigfred.johansen@bkkfiber.no>  
**Sendt:** 18. desember 2017 22:25  
**Til:** Postmottak Lindås; gunhild.vangsnes@vegvesen.no; firmapost-vest@vegvesen.no  
**Emne:** Prioritering av utbedring av Kvamsbrekka på FV 404 - Granhekk på inkluderast i hastearbeidet

**Til:** Lindås kommune v/ Ordfører  
Statens Vegvesen Avd Vest v/Gunnhild Vangsnes

**Kopi:** Arnljot og Gro Jordal

**Sak;** Prioritering av utbedring av Kvamsbrekka Fv 404; inkludere nødvendig grunnavståing for fjerning av granhekk på eigedom 141/17.

Det var gledeleg å sjå initiativet de har tatt for å få fortgang i arbeidet med utbedring av den smale vegen i Kvamsbrekka ved Kvamsvåg. Vi som bur der ser problema kvar dag der mange biler må rygga og fotgjengarar blir utsett for risiko.

Eit anna forhold vi er like opptatt av er den svære granhekken som står på eigedom 141/17 tilhørende Arnljot oig Gro Jordal. Underteikna har gjennom 2 år prøvd å få Statens Vegvesen til, saman med grunneigar, å ta ned granhekken som etter vår meining er ein stor risiko for vegfarande og oss som dagleg ferdast forbi. Granhekken reduserer også siktsona for bilar. Grunneigar seier at den risikoen granhekken utgjør Vegvesenet sitt ansvar medan Vegvesenet seier ansvaret ligg hos grunneigar.

Granhekken er ca 25 høg og det kraftigaste treet i nord har roteskader. Vegvesenet har hatt ekspert på staden og han sa hausten 2016 at det nordste treet må hoggast ned då det er delvis rote. Vegvesent bekrefta i januar 2017 at dei skulle ta ned treet men ingenting har skjedd så langt. Vi er redd treet vil brotne i storm og det utgjør då ein stor fare for vegfarande.

Eg representerer eigarar av Kvamsvåg Landhandel der vi leiger ut 2 lokaler på andre sida av vegen. Vi ynskjer ikkje at våre leigetakarar eller deira kunder skal bli skada av fallande tre, noko som lett kan skje i uver.

I eit håp om å få grunneigar til å ta aksjon blei saka tatt inn for forliksrådet 05.12.2017. Grunneigar ville ikkje ta nokon aksjon i forhold til granhekken ettersom de no var tatt initiativ til å framskynda arbeidet med Kvamsbrekka.

Underteikna gjorde det klart at ansvaret ved skade på hus eller vegfarande no klart ligg hos grunneigar eller Staens Vegvesen; begge partar er klar over tilstand på trea og faren for at dei vil brotne tvers over i storm. Grunneigar ville anka eventuell dom til Tingretten. Det blei derfor inngått forlik ved at grunneigar vil la vegvesenet ta ned hekken etter at grunn er avstått ved planlagt utbedringsarbeid for Kvamsbrekka. Underteikna vart oppmoda om å ta saka vidare til Lindås Kommune og Statens Vegvesen for å få fjering av granhekken med i det arbeidet som no blir prioritert mht Kvamsbrekka.

Eg vil med dette be Lindås Kommune om å inkludere grunnavståing og fjerning av granhekken på 141/17 i prosjektet for utbedring av Kvamsbrekka. Fjerning av granhekken bør få høg prioitet og gjennomførast så snart som mulig ettersom eit av trea er rote. Kommunen bør be Vegvesent om å vurdere stenging av vegen dersom det blir varsla storm frå nord/nordvest eller vest før arbeidet med fjerning av granhekken blir utført.

Håpar de vil ta opp denne saka og halda oss orientert om framgang. ti

Vedlagt; sendt i brevform til Lindås Kommune; kopi av rettsforlik frå Lindås Forliksråd og kopi av brev frå Statens Vegvesen v/Gunhild Vangsnes Januar 2017.

Mvh Sigfred Johansen

Kvamsvågen 29

5911 Alversund